



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 5

November/Desember 2022

73. årgang



Min Salme.....	2
Jul anno 1930	3
Frivillighet	4
Blått + Rødt = Lilla.....	5
Bryllup.....	6-7
Konfirmantane 1972	8-9
Opning av minnelund.....	10

Lys&Liv-festivalen	11
Barnas side.....	12-13
Livets gang.....	14
Trusopplæringa	14
Gudstjenestelista	15
Andakt.....	16

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

Gol kyrkjekontor - Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån–fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00 • kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje:
Kjellfred Dekko
Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

Sokneprest: Arnstein Bleiktvædt
(i permisjon til januar)

Diakon:
Martha Frøyland Bleiktvædt
Tlf: 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist:
Justin Vickery
Mobil: 474 75 580 • justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Mobil: 911 22 763
Knut Ole Klepp Mobil: 906 58 761

Sokneprestvikar:
Ingrid Finsådal Bakke
Mobil: 910 08 109 • Fri måndager
Ingrid.finsadal.bakke@hallingnett.no

Sekretær Gol og Hemsedal:
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:
Britt Marie Haraldset Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Hemsedal kyrkjekontor - Hemsedal kommunehus
Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal
Tlf: 31 40 88 45 • www.hemsedal.kyrkja.no
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no

Kyrkjevevjerjvikar (60%):
Irene Markegård Mobil: 482 02 020
irene.markegard@hemsedal.kommune.no

Kyrkjevevjerje:
Kjetil Th. Storebråten
Tlf: 31 40 88 45 • Mobil: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Camilla Osnes
(i permisjon)

Kantor:
Peter Rødel Tlf: 401 08 339 • kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar:
Wilfried Westera
Tlf: 971 09 922 • wilfriedwestera@live.nl

Sokneråda og felleråda:
Gunn Astrid Frøysok Mobil: 990 34 376
Leiar Gol og Herad

Håvard Venås Mobil: 908 42 422
Leiar Hemsedal

Gravplassen: Hans Vidar Sørensen
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:
Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året
Redaksjon: Ludvig Munkejord (red.), Sølvi
Larsen Aalrust, Kjell Slåtten,
Gunnar Rudningen, Hilde
Moe Hillestad.
Ekspedisjon: Kyrkjekontoret, 3550 Gol
Kasserar: Arne Oddmund Tuv,
3560 Hemsedal.
Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
E-post: ludv@online.no
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
2367.60.00097
Forsidefoto: Kveldssamling på Lys&Liv-
festivalen før 3. og 4. klasse
reiser heim. Foto: Stine Money

Min Salme

KNUT H. SKRINDO



Knut H. Skrindo er opphavleg frå
Votndalen i Ål. Men på midten av
1960-talet kjøpte han garden Roen
på Rotneim, og har sidan vore golog.
Han har bak seg ein lang yrkeskarriere
som lærar, i tillegg til at han har drive
som bonde og pelsdyroppdrettar.

På fødselsattesten hans står det
1924, men som han seier: - Alder er
ikkje noko å svalle om, for det er noko
me ikkje styrer med!

Det stundar mot jul, og då han skulle
velje salme, var han lenge inne på
julesalmen «Det hev ei rosa sprunge».
Han landa likevel på eit anna val.

Lov Jesu namn og herredom

(Tekst: Edward Perronet 1780
Omsett: Arne Garborg 1898)

Lov Jesu namn og herredom,
høenglar i hans slott!
Ber krona fram med hyllings ljom,
og kron han, kron han, kron han,
kron han allheims drott!

Du vitneflokk i himmelkor
som tolmods krans har nått,
kved kongskvad for den Herre stor,
og kron han allheims drott!

Du frelste hær av Adams ætt,
løyst ut av naud og nott,
pris han som nåde gav for rett,
og kron han allheims drott!

Kvart folk i kvar ei heimsens bygd
her under soltjeld blått,
gjev han åleine herrehøg,
og kron han allheims drott!

Ja, gjev me med Guds kvite hær
av all vår hug og hått
syng songen ny for Herren kjær,
for Jesus, allheims drott!

- Eg har eit spesielt minne knytt til
denne salmen, frå eg var 6 - 7 år
gamal. Me var i Leveld kyrkje og sat
oppå vilalupet, tett ved orgelet. På
same benken like ved sat Knut H.
Tveito (1898-1943). Han var ein flink
songar. Då orgeltonane til denne
salmen tona ut i kyrkjerommet,
og Knut fylgde opp med si kraftige
stemme, var det mest som det klirra
med i bringa mi. Det vart eit minne
for livet!

- Det er ein mektig salme, med
autoritet. Alle menneske, same kvar
dei bur, blir oppmoda til å hylle han
som har fått kongemakt over heile
universet. Denne salmen har vore
knytt til meg heile livet, seier han.

- Og så synest eg det er veldig
interessant at det er Arne Garborg
som har omsett salmen til norsk.
Han var i delar av livet sterkt kritisk
til kristendomen. Men den som har
omsett denne, kan ikkje vera nokon
gudsfornektar iallfall!

Knut H. Skrindo sender utfordringa
vidare til ein tidlegare lærarkollega,
Anne Brustugun.

TEKST OG FOTO: KJELL SLÅTTEN

Ful

ANNO 1930

SEKSÅRINGEN GÅR
LAUS PÅ PAPIRET MED
IVRIGE FINGRAR.
AUGO STRÅLAR. SISTE
PAPIRBITEN NO...
ÅH, EIN HEST! OG DU
VERDA SÅ FIN!



Knut H. Skrindo med den gjæve julegåva han fekk for 92 år sidan.

Scena er henta frå julekvelden 1930, på garden Sletten, inst i Votndalen i Ål. Der voks Knut H. Skrindo opp, som den nest yngste i ein søskenflokk på ni. No har han akkurat pakka opp det som kanskje er den julegåva han har sett aller mest pris på.

Knut, som no er inne i sitt 99. år, er salmegjest i dette nummeret av Kyrkjebladet. Han har opplevd fleire julehøgtider enn dei fleste av oss. Me har spurt han om å dele enkelte juleminne frå gamle dagar med oss.

Lenge å vente

I utgangspunktet meiner han at han ikkje har stort å bidra med. Men det er så rart med det, når praten fyrst kjem i gang...

- Han gjekk so grueleg seint den kvelden, veit du, til det endeleg var tid for mat - og so pakku. Før på dagen passa han far alltid på å få opp julebandet til småfuglane presis klokka 12. Det ville vore katastrofe om ikkje det kom opp!

Julematen var helst lutefisk, med moltekrem eller riskrem til dessert. Og heimebryggja øl, det var fast. Etterpå var det obligatorisk gang rundt juletreet, til iallfall eit par-tre julesongar. Så endeleg...

Gåve til glede

Når eg spør om det er noka julegåve han hugsar spesielt godt, blir han fyrst sitjande og tenkje nokre sekund:

- Ja, eg trur eg skal hente ei julegåve som eg vart veldig glad for. Han går opp i andre etasje og kjem ned att med den vakre hesten på stett.

- Denna fekk eg av bror min, som var 17 år eldre. Eg meiner han kosta 1 krone, seier han, og gir seg til å saumfare hesten om prisen enno skulle vere å sjå.

- Det var ei gåve eg vart utruleg glad for. Det skjønar du vel når du ser kor godt eg har teke vare på hesten. Han mista ein fot ein gong, men den fekk eg limt på att, smiler han.

- Var du spesielt interessert i hest?

- Eg var interessert i alle dyr. Så gåva var midt i blinken, den!

Høgtid og tradisjon

Han meiner det kvilte ei heilt annan høgtid over jula den gongen enn i dag, med sterke vanar og tradisjonar. Berre det at stova, og ikkje som vanleg kjøkkenet, vart teken i bruk til måltida, vitna om høgtid.

- Og når tida var inne for julegåvene, var regelen at det skulle opnast éi og éi pakke. Når pakka var opna, måtte ein så gå bort og takke gjevaren fint i handa, fortel han.

Av dei lysaste juleminna Knut ber med seg, i dobbel forstand, er kanskje frå leitet då julekvelden var over og folk måtte ut for å gjere frå seg før natta.

- Og då sjå lysa som var tende bortover på alle gardar, det var noko heilt magisk og spesielt, minnest han.

Har mista mykje

Juledags morgon måtte alle ha kaffi på senga, ungane kakao. Og gjerne med litt småkaker attåt. Det var langt frå vanleg, verken kaker eller kakao var kvardagskost! Fyrste juledag var «heilag». Både ungar og vaksne måtte halde seg heime, ingen fekk gå ut med mindre ein var beden bort.

- Mykje av høgtida med jula har vorte borte. I dag har me overflod av alle ting, men me har mista mykje på vegen, avsluttar 98-åringen.



JULAFTEN FOR ALLE

Ønsker du å feire julaften med andre mennesker?
Juleaften for alle arrangeres også i år på Helselagsstugu. Det er gratis og rusfritt arrangement.

Program:

- kl. 15.00** Dørene åpnes. Servering av gløgg
kl. 16.00 Middag, ribbe og pinnekjøtt med tilbehør.
kl. 18.00 Gang rundt juletre og underholdning,
 kanskje kommer nissen. Kaffe og kaker.
kl. 21.00 Vel hjem

Tilbud om transport til og fra arrangementet, bosatt i Gol kommune.
 Muligheter for julegudstjeneste i Herad Kirke med transport til og fra.

Påmelding til Trond på Frivilligsentralen, enten på mobil:
 97 00 35 09 eller e-post: frigol@online.no (påmeldingsfrist: Torsdag 22/12)

Adventskonsert i Hemsedal.

Fredag 09. desember
 LYKKJA KAPELL KL.18
 Adventskonsert
 med Hanna Smørvik.

Søndag 18. desember
 HEMSEDAL KYRKJE KL 17.30
 Adventskonsert.

Torsdagstreff

Tverrkulturelt treff
 på Helselagsstugu
 (Frivilligsentralen)

Tredje torsdag
 i måneden kl.18-20.

Måltidsfellesskap
 og temaforedrag.

Eget opplegg for barn.

Pris: 20 kr./voksen.
 10 kr./barn

Datoene våren 2023:
 19. januar, 16. februar,
 16. mars, 20. april, 25. mai.

Arr.: Gol Helselag, Gol og Hemsedal
 Røde Kors og Gol og Herad sokn

Åpent hus

Formiddagstreff på
 Gol bedehus siste torsdag
 i måneden kl.11-13

Første samling i 2023: 26. januar

– Astrid Anna Hagen
 deler noen bibelord.

Line Vettestad fra Kirkens
 Nødhjelp forteller om arbeid
 for Ukraina det siste året.

Arr.: Diakoniutvalget i Gol og Herad

Språkkafé

En torsdag i måneden
 på Gol bibliotek kl.17-19.

Datoene våren 2023:
 5. januar, 2. februar, 2. mars,
 30. mars, 4. mai, 1. juni

Arr.: Gol bibliotek og Gol
 og Herad sokn

Sorggruppe for barn

Et møtested for barn som har
 mistet en av sine nærmeste.

Rammene for sorggruppe:

- For aldersgruppen 6-12 år (men ta kontakt uansett alder)
- Oppstart: onsdag 25. januar 2023
- 6 samlinger
- Annenhver uke kl.17.00-18.30
- Åpent for alle livssyn og alle som er bosatt i Hallingdal

Tilbudet er et livssynsåpent samarbeid mellom
 Den Norske Kirke og Gol kommune.

Påmelding og kontakt: Diakon Martha Frøyland Bleiktvedt
 Tlf.: 476 27 663 / E-post: martha.froyland@gol.kommune.no

Adventskonsert i Gol kyrkje.

Søndag 11.desember kl.18.00

Etter tradisjon blir det adventskonsert i Gol kyrkje
 3.søndag i advent for hele bygda. Da blir det
 kormusikk, korpsmusikk, orgelmusikk og fellessang.

Lokale musikere og kor deltar sammen
 med vår kantor, og det blir andaktstund.

Det er gratis inngang.
 Hjertelig velkommen!



Between -klubb

**Hei du! Går du i 4., 5.,
6. eller 7. klasse?**

Så bra! Da er du invitert på
klubb-kveld på Gol bedehus!

**Vinteren 2023 er
datoane for Between:**

Fredag 16. januar kl. 19.00-20.30

Fredag 10. mars kl. 19.00-20.30

(Med forbehold om endringar –
endringar meldes på SMS/e-post til
dei som har samtykke)

Det blir: mat, minikiosk, kort andakt,
mulighet til å spille bordtennis, bil-
jard, brettspill... akkurat så morsomt
som DU er med å lage det!

Ta med ein venn og kom!
Spørsmål? Britt Marie - 95122136



Middag sammen Åpent middagsfellesskap med enkel middag!

Velkommen til å spise middag
sammen hver andre torsdag i
måneden på Gol bedehus!

Datoar framover:

**8. des., 12. jan, 9. feb, 9. mars,
13. april, 11. mai og 8. juni.**

Maten står framme fra 16.30 til 17.30.
Kom og gå som du vil.

Maten er gratis. Åpent for ALLE!

Det er mulighet til å gi
ei gave til arbeidet.

Bedehuset er åpent fra klokka 16.00.
Ha gjerne tid til litt lek for barna,
prat og hygge!

Spørsmål? Vil du hjelpe til?
Gol og Herad kyrkjekontor - 32029000

Blått + Rødt = Lilla

ADVENTSTANKER VED PROSTIPREST
INGRID FINÅSDAL BAKKE

«Adventstida er nesten like fin som
sjølvje jula», sa ein bekjent til meg
for nokre år sidan. Heime hos han
prøvde dei å setje av litt tid kvar
ettermiddag til felles aktiviteter
saman med borna: Dei baka
peparkaker, laga julepynt, skreiv
julekort og som avslutning kvar
kveld samla dei seg i sofaen og las
eit stykke frå ei adventsbok.

Adventstida er nesten like fin som
sjølvje jula...

Kanskje er det derfor det passer
så godt at adventsfargen er lilla.
Lilla er jo summen av blått og rødt.
Og i kristen tradisjon er blåfargen
symbolet for trua, mens rødfargen
handlar om kjærleiken.

Sagt med andre ord: Tru + Kjærleik
= Advent.

Vi treng sjølv sagt begge deler
året rundt, men kanskje treng vi
det litt ekstra dei travle vekene i
desember..?!

Tru, slik at vi ser og skjønar kva
julefeiringa eigentleg handlar om.
Trua kjem av forkynninga, står det
i Bibelen. Konkret må jo det bety
at vi treng å høyre juleevangeliet
også dette året. Høyre med hjartet
korleis Gud sende sin eigen Son

som eit hjelpelaust lite barn inn
i vår verden. Fordi Han såg at vi
hadde bruk for ein Frelsar og eit
Reisefylgje både i medgang og
motgang – både i fellesskapet og
ensemde.

Alt dette treng vi å fordjupe oss i
også i år, slik at trusflammen kan
halde fram med å lyse og ikkje
slokne ut.

Og samstundes treng vi kjærleik.
Så vi ser kvarandre. Det handlar
også om ringverknadene frå Guds
store gåve.

«Vi elsker fordi Han elska oss først»
skriv apostelen Johannes i sitt
fyrste brev. Og så fortel han
om korleis Guds kjærleik vart
openberra ved «at Han sende sin
einborne Son til verda så vi skulle ha
liv ved Han». «Ja», skriv Johannes
vidare, «dette er kjærleiken, ikkje at
vi har elska Gud, men at Ha har elska
oss og sendt sin eigen Son til soning
for syndene våre. Mine kjære, har
Gud elska oss så, då skyldar òg vi å
elska kvarandre».

Det er derfor det passer så godt
at adventsfargen er lilla, summen
av blått og rødt. For i adventstida
treng vi alle både tru og kjærleik!



*Kyrkjebladet ynskjer alle ei
god jul og eit godt nytt år!*

Gavtame & Vegard

SOMMER OG HØST ER HØYTTID FOR BRYLLUP, SPESIELT HØSTEN HER I HEMSEDAL – FJELLET ER VAKKERT PÅ SEINSOMMEREN. KYRKJEBLADET TENKTE DET HADDE VÆRT HYGGELIG FOR LESERNE Å TA DEL I GLEDEN, VI MØTER TO PAR SOM GIFTET SEG DENNE HØSTEN.



Først ut var Vegar Sørensen og Gavtame Chabier, de giftet seg lørdag 7.august. Vegar har tråkket sine barnesko i Lio i Hemsedal. Han tok utdanning i Danmark og jobber i dag som psykolog i Oslo. Gavtame har vokst opp i storbyen Paris, og tok en master i økonomi før han flyttet til Oslo og jobber i Hitachi.

Det bærer oppover en lang og svingete grusvei, hest på beite og nyslått og fint overalt. Plutselig kommer en ordentlig bryllupsport over veien med norsk og fransk flagg, da er jeg på rett vei! Vegar og Gavtame tar imot på gårdstunet og viser rundt før vi benker oss i fint sommervær på verandaen, og jeg får til og med smake på bryllupskaka. Den er fra franske Pascal i Oslo, oj så moro å treffe han utbryter jeg. Vi bestilte den på nettet ler Vegard og en venn av oss hentet den og tok den med hit.

Bryllupet ble bedre planlagt enn ventet, de måtte utsette på grunn av korona, det skulle vært i fjor. Vielsen var i Hemsedal kirke med venninne som prest og operavenninne som sang inngangstonen. Vegar og Gavtame hadde tre forlovere hver, fra Hemsedal, Oslo og Frankrike – ting forandrer seg tenker jeg med et smil tilbake til mitt eget bryllup.

Etter vielsen bar det til hjemgården i Lio med servering i tunet - fransk ost, pølse og drikke. Deretter ruslet gjestene oppover grusveien til selskapshuset. Kreative bryllupsfolk hadde pyntet med sofagruppe i enga, her kunne man ta bilde. Så mange fine opplegg tenker jeg, så mye hyggelig. Redskapshuset var gjort om til selskapshus, der vakkert pyntede bord, lystak og operasang møtte bryllupsfolk og gjester i døra. Vegard og Gavtame hadde funnet på noe lurt – du vet når du er i selskap og hilser på folk, hjelp jeg husker nesten ingen navn etterpå. De hadde festet et bilde av hver gjest med navn på husveggen. Slik kunne man fort ta en kikk og finne tilbake til hvem som var hvem. Herlig!

Faktisk er det første gang et likekjønnet brudepar er viet i Hemsedal kirke, dere er jo historiske bemerker jeg. Ja sier de litt beskjedent, det er faktisk første gang. Så fint at kyrkjebladet fikk ta del i det tenker jeg. Og nå da spør jeg, rett tilbake til Oslo og jobb? Neida, det blir først ei ukes bryllupsreise til Hellas med sol og varme.

God tur og gratulerer med bryllupet!

Anita & Sjur

HUSET LIGGER I BAKKENE NED MOT GOL, MED
BIKUBER UTENFOR OG PLOMMETRE I HAGEN.
DET ER TIL Å BLI MISUNNELIG OVER NÅR EN
BOR I HEMSEDAL. MEN FRUKT ER NATURLIG
FOR ANITA SOM ER VESTLANDSJENTE MED
KLINGENDE KONSONANTER.

Sjur og Anita giftet seg 24. september i Gol kirke. Sjur Hovden Borge vokste opp i Grønlio på gård med mjølkekyr. Han tok tømmerlinja på Ål og jobber ved HSV Byggservice. Anita født Himle trakk barneskoene i Granvin herad ikke langt fra Voss. Studietida ble lagt til Bergen og i dag jobber hun som tannlege på Gol.

Jeg hadde sittet og smugkikkert på hjørnet av stua som huser flere toradere. Sjur og Anita smiler, ja det var slik vi møttes - gjennom musikken. Sjur forteller om en smågutt som starta å spille torader som 6 åring og var så ivrig at han sto opp tidlig for å rekke å øve før skolestart. Imponerende tenker jeg. Han er skikkelig flink skyter Anita inn og forteller fra tida før de kjente hverandre. En gang satt hun på Landskappleiken og tok små opptak av melodier hun ville lære seg. Jeg måtte på do og skulle til å gå, men så var nestemann på scena Sjur Borge og han var jo så flink, så da måtte jeg sitte litt til!

Jeg nikker til en nydelig liten torader i tre, Anita løfter den opp og viser meg. De små rabagastene Karius og Baktus er malt på treverket, og på siden er det skjært ut tenner med ei gulltann i enden. I all verden? Anita ler, det er et spill jeg bestilte forklarer hun, og kunstneren både dekorerte og skar ut tenner. Utrolig flott.

Anita og Sjur hadde lyst på dansefest, en stor fest der de kunne be sammen slekt og venner. Begge fylte 30 år og så ble det slått sammen med bryllup. Vi ønsket oss en ordentlig fest på lokalet og det ble det på Vonheim i Gol. Mange spelemannsvenner og mange toradere, vi hadde buskspell utpå natta forteller de, tror det var 15 toradere i gang. Sjur og Anita hadde hyret inn «Skultbakkalaget» fra Vågå, kjent gammeldansorkester som spilte opp til dans etter middagen.

Mjau sier det utenfor døra og Sjur lukker inn - ei gaupe? Neida, det er Baktus, en «*Maine coon*» rød og langpelset katt. En vakker og staselig kar som ser meg litt an, men som etter hvert lar seg inderlig klø under haka. Ja han var med fra Voss forklarer Anita og var den som flyttet hit først, jeg kunne ikke dra han fram og tilbake - og etterpå fulgte altså vestlandsbruden.

Tusen takk for praten og gratulerer med bryllupet!



Konfirmantane

I GOL OG HEMSEDAL 1972



1.rad f.v.: Gerd Stensgård, Randi Skredegård, Gerd Bråten, kateket Tordis Ødegård, prest Borgar Holthe, Kjersti Flaathen, Rut Totland, Guri – Wenche Kinneberg, Unni Nibstad

2.rad f.v.: Jorunn Gerd Bry, Laila Inger Brenn, Liv Berit Haugen, Anne Karin Bjørnebråten, Anne - Grethe Pedersen, Gunvor Anne Rusten, Tora Nymoen, Kirsten Nymoen, Ingrid Hagen, Herborg Rust, Berit Rustberggård

3.rad f.v.: Sissel Hagen, Inger Bente Brenn, Iver Svare, Gunnar Leikvoll, Jan Erik Svingen, NN, Hans Nibstad, Leif Otto Moen, Bjørg Bakken, Berit Spildrejordet

4.rad f.v.: Harald Knaldre, Kjell Sørbøl, Dag Bøthun, Svein Storla, Ole Engebakken, Torstein Brøto, Oddgeir Frøysok, Åsmund Hoftun, Gunnar Brønstad, Torgeir Østro

5.rad f.v.: Vidar Haugo, Olav Arne Løstegård, Ove Magnetun, Aslak Golberg, Rolf Kåre Mørkassel, Nils Einar Haugstad, NN, Halvard Stensrud, Kåre Josvanger, Per Henrik Bakke, Bjarne Hodnungseth



1.rad f.v.: Lisbeth Jordheim, kateket Tordis Ødegård, prest Borgar Holthe, Else Frøholm, Kirsten Marie Svingen

2.rad f.v.: Astrid Markegård, Lisbeth Langehaug, Randi Lirhus, Kari Eidnes, Astrid Fjæren, Inger Berit Storeskar, Anne Marie Markegård, Margit Dokk

3.rad f.v.: Olav Huso, Nils Ove Roe, Rolf Marstein, Knut Langehaug, Engebret Ole Fekene, Knut Terje Venås

4.rad f.v.: Ola Langehaug, Lars Markegård, Erik Jordheim, Vilhelm Wøllo, Knut Harald Langehaug, Terje Moberget

5 .rad f.v.: Rune Grøndalen, Ove Fekene, Knut Norvald Grøthe

1.rad f.v.: Berit Spildrejorde, Unni Nibstad Orvedal, Gerd Bråten Liudden, Liv Berit Hagen, Kjersti Flaathen Kolsrud, Anne Grethe Pedersen, Inger Bente Brenn, Berit Rustberggård, Gerd Stensgård Gauteplass

2.rad f.v.: Randi Skredegård, Anne Kin Bjørnebråten, Guri Kinneberg, Rut Totland Bjella, Ingrid Hagen, Herborg Rust Jordheim, Laila Brenn Dramstad, Jorunn Bry Aaserud, Sissel Hagen Stavehaug, Dag Bøthun, Gunvor Anne Rusten Jensen

3.rad f.v.: Leif Otto Moen, Ove Magnetun, Gunnar Brønstad, Kåre Josvanger, Jan Erik Svingen, Gunnar Leikvold, Oddgeir Frøysok, Per Henrik Bakke

4.rad f.v.: Halvard Stensrud, Åsmund Hoftun, Torgeir Østro, Iver Svare, Nils Einar Haugstad, Kjell Sørbøl, Torstein Brøto, Bjarne Hodnungset, Svein Storla



1 .rad f.v.: Inger Berit (Storeskar) Vøllo, Ola Langehaug, Kirsten Marie (Svingen) Brenno Randi Helen Lirhus Elvehøy, Knut Langehaug, Kari Eidnes Bjørkheim, Else Frøholm

2. rad f.v.: Vilhelm Wøllo, Erik Jordheim, Rune Grøndalen, Ove Fekene, Olav Huso, Knut Norvald Grøthe, Knut Terje Venås



Opning av minnelund

PÅ HEMSEDAL GRAVPLASS

I duskregn vart minnelunden i Hemsedal opna 3.november. Kyrkjevevje Kjetil Storebråten ønska velkommen før ordførar Pål Rørby føretok den offisielle opninga.

Grete Larsgard Rudningen kom med ei helsing frå Human-Etisk Forbund og stunda blei avslutta av eit musikalsk innslag av Tori Snerte. Dei siste 5 åra har det kome mange spørsmål til kyrkjekontoret i Hemsedal angående minnelund, og i 2019 begynte planlegginga. Landskapsarkitekt Marianne Laa frå Asplan Viak teikna minnelunden

og gjorde planarbeidet. Sommaren 2021 vart arbeidet sett i gang. Murmeister Per Bjørn Rusberggard bygde muren med god hjelp frå, Jonny Furu, Torgeir Haug, Leif Erik Haug, Hans Vidar Sørensen, Olav Støyten mfl.

Ein minnelund er eit gravfelt der det ikkje vert sett opp gravminne/gravstein knytt opp mot den enkelte grav. Minnelunden i Hemsedal har 110 minneplater festa på muren dei er laga i værbestandige elokserte aluminiumsplater i storleik 13X13 cm. Det vil bli gravert inn namn ettersom urnene

blir sett ned på minnelunden. Ei av platene har ein generell tekst der det står: «Det å sakne er den andre sida av det å ha fått»

Sjølv om me i daglegtala kallar gravplassen for kyrkjegarden i Hemsedal, så er det korrekte ordet gravplass. Her er det opent for gravlegging eller urnenedsetting for menneske frå alle livssyn og religionar.

Minnelunden har universell utforming, og det er sett opp lys og vasspost samt kvilebenkar der besøkande kan sitte i fred og ro. Det er og laga plass for å sette blomar rett nedunder minneveggen. Skiferhellene som er lagt ned på gangarealet kjem frå det gamle taket på Lykkja kapell. Dei er slik gjenbrukt her.

Me ynskjer at minnelunden kan vera ein stad der besøkande kan få tid til ettertanke og bearbeiding av sorga og saknet etter sine kjære.

TEKST OG FOTO **KJETIL STOREBRÅTEN**



GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen

Vakt tlf. 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen

Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD - HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Vakt tlf: 32 08 23 00

www.hallingdalgravferd.no



Kyrkjebladet	Gol og Herad kyrkje	Hemsedal kyrkje	Lykkja kapell
			
591790 Vipps nummer	517300 Vipps nummer	105608 Vipps nummer	542742 Vipps nummer

Lys & Liv -FESTIVALEN

ELD

**Kva symboliserer elden i kyrkja?
Kva vil det si å brenne for noko?
Kan ein leike og sove i kyrkja?**



Kvelsroen senker seg og flomlyset lyser inn vinduene. Foto: Stine Money



«Lys&Liv-koret» 2022. Foto: Britt Marie Haraldset



Ein flott gjeng var med på nokre korøvingar før festivalen – det gav song med trøkk!
Foto: Britt Marie Haraldset

Dette var nokon av spørsmåla deltakarane på årets Lys&Liv-festival i Hemsedal kanskje fekk svara på, då årets tema var «eld». Ivrige 3.-6.-klassingar, nokre juniorleiarar frå 7. klasse og ein gjeng frivillige vaksne bidrog alle i eit godt fellesskap denne helga.



Johannes Thorset, Alve Roteigen Haaland, Noah Møllerplass, Viggo Money og Eivind Hustad har løyst fyrste oppgåva på sporleiken og får nye instruksjonar frå Sissel Stegan. Foto: Britt Marie Haraldset



Kvelsstemming – 5.-7.-klasse riggar seg for overnatting i kyrkja. Dei fleste i og rundt alterringen, ein på preikestolen. Men fyrst-ut og leike litt i mørket. Foto: Britt Marie Haraldset



Olava og Hanna Thorset steiker lappar saman med Sigrid Falnes. Foto: Britt Marie Haraldset

Deltakarane var delt i to grupper i aktivitetstida laurdagen. Matgruppa lagde gode pizzasnurrar til middag og steikte lappar til kveldssamlinga. Agentane fekk med seg både besøk på brannstasjonen og sporleik.

5.-klassingane var endeleg store nok til å få vere med på overnattinga i kyrkja, 4.-klassingane syns det er litt urettferdig at dei må vente og glede seg eit år til... Å sove i kyrkja er rart, spennande, uvant og moro!


Sundagen fekk vi ein fest(ival) gudsteneste med flott musikk, dåp, dramatisering av pinseforteljinga og korsang med trøkk! Tusen takk til foreldre, frivillige og kyrkjelyd for ei flott helg! Vi gler oss til neste år og markerar helga etter haustferien i kalenderen – der står det «Lys&Liv-festivalen – VATN»!



Klare for prosesjon inn i gudstenesten.
Foto Sissel Stegan



Marius Ulland viser fram røykdykkerutstyr til agentane. Foto: Stine Money



Noah Møllerplass tar spranget ut frå brannbilen. Foto: Britt Marie Haraldset

Glimt frå babysang

Babysang som vi arrangerer saman med Frelsesarmeen i Gymnasvegen er eit populært tilbod. Velsignelsen med såpebobler er veldig fascinerende!

(Foto: Anette Kristiansen)



BABYSANG OG SMÅBARNSTREFF

Familiens hus og Hemsedal kyrkje samarbeider om småbarnstreff og babysang.

Vi ønsker å skape eit møtepunkt der foreldre og barn kan møtast, for hygge og kos. På småbarnstreff blir det aktuelle tema som angår småbarnsfasen. På babysang blir det song, dans, rim og regler. Gamle og nye barnesangar. Helsejukepleier Hilde vil vere tilgjengeleg for spørsmål.

Vi samlast på Familiens hus på onsdagar:

10.30 – start, litt tid for leik og prat
11.00 – Babysang eller tema
11.30 – Lunsj og leik
12.30 – slutt

Babysang og småbarnstreff annakvar veke, unntatt i vinterferien og påskeferien. Vi startar med babysang 11. januar. Det blir servert enkel lunsj, kaffe og te.



Velkommen!



Baby- og småbarnssang



Oppstart torsdag 26. januar kl 10.00, deretter 10 torsdagar (ikkje vinterferien).

På Frelsesarmeen i Gymnasvegen 3 på Gol. Sang, dans, leik for babyar og litt større småbarn. Felles lunsj.

Medlemskontingent for eitt semester kr 50,-

Påmelding og spørsmål til Britt Marie – 951 22 136

Sjå og facebookgruppa «Baby- og småbarnssang Gol»



Bli med på S-klubben!

S-klubben er ein kristen barneklubb for barn i alderen 5-12 år. I vinter har vi desse samlingane:

23. november: Badetur til Tropicana
7. desember: Juleavslutning.
4. januar: Juletreffest på Bygdaheimen.

18. januar, 1. februar, 15. februar,
15. mars, 29. mars, 12. april, 26. april.

Detaljert program for desse samlingane kjem seinare.

Har du spørsmål, ta kontakt med Anne Berit Ulsaker, tlf 977 63 842



*Måndagar
på Gol
Bedehus*

*Sundag 12. mars
deltek vi på gud-
steneste i Gol kyrkje.

16. jan
13. feb
6. mars
12. mars*
24. april
5. juni

Barn i alle aldre med og uten foreldre, er velkommen til spennende aktiviteter på Gol Bedehus:

kl. 16.30 Taco (60/40 kr)

kl. 17.30 Fellessamlingar

kl. 18-19 Aktiviteter

Acta – Normisjonen, Søndagsskolen Sprell Levende og Den Norske Kyrkje - Gol og Henad



En jul å glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte. Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til 13130
Gi på konto **3201 52 74165**



BARNAS



Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?

Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!



Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Asbjørn Tønnesen



LIVETS GANG

DØYPTE

GOL KYRKJE

04.09.22 - Nora Fosshagen Hagen
04.09.22 - Jakob Kleiven Granheim
16.10.22 - Hermine Hellum
16.10.22 - Oskar Lia Fløysand
30.10.22 - Odin Sommer Haugo

HERAD:

09.10.22 - Sofie Myksvoll – Ravndal
09.10.22 - Lotta Kvåle – Garnås

HEMSEDAL:

11.09.22 - Matteus Osnes Ulland
16.10.22 - Max Halbjørhus Berntsen
16.10.22 - Johanne Natvik Grønneberg
30.10.22 - Stella Marie Berg Kirkebøen
30.10.22 - Tiril Bang Fjeldheim

VIGDE

UTE I ÅSGARDANE

20.08.22 - Anikken Haugstad
og Stian Haugen

GOL KYRKJE

17.09.22 - Ingrid Sofie Hermandsrud
Rasmussen og Erik Seljelid
24.09.22 - Anita Himle og Sjur Borge
01.10.22 - Christina Grøndal Bakke
og Tom Erik Bøygaard

HEMSEDAL HARAHORN

27.08.22 - Merete Bråten Katralen
og Anders Lima Bjølgerud

HEMSEDAL KYRKJE

10.09.22 - Helene Disberg og Jons Gjøn
17.09.22 - Elin Thorset og Tom Erik Bråten
17.09.22 - Eline Helland
og Paul Sand Remøy
24.09.22 - Christine Fossum Solum
og Marius Førland

HERAD KYRKJE

22.10.22 - Michalina Marcjanna Wojnicz
og Karol Franciszek Garbacik

DØDE

GOL KYRKJE

15.07.22 - Gunnar Stensrud f.1947
28.08.22 - Sigrud Brennhovd f.1928
31.08.22 - Åse Bjørg Almås Brekke f.1932
23.09.22 - Arvid Wictor Glomsrud f.1952
25.09.22 - Sverre Evjen f.1938
30.09.22 - Arne Gjengedal Hesla f.1927
30.09.22 - Ola Totland f.1940
18.10.22 - Erna Halldis Thoresen f.1932
25.10.22 - Anne Solveig Brønstad f.1931
31.10.22 - Birger Rustberggard f.1948
17.09.22 - Tordis Kristine Nordmoen f.1929
Gravlagt i Hol

HERAD

11.09.22 - Bård Ferdinan Brenn f.1974

HEMSEDAL

12.09.22 - Knut Bakke f.1934
23.09.22 - Bjørn Bergesen f.1948
01.10.22 - Birgit Sletten f.1926
02.10.22 - Kim Müller Madsen f.1961



TRUSOPPLÆRING 2023

Ei oversikt over trusopplæringstiltak våren 2023. Det blir sendt ut nærmere invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!

Britt Marie Haraldset - Kyrkjelydspedagog i Gol og Hemsedal
951 22 136 / britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Gol og Herad

4 onsdagar i mars/april

Kl 13.20 – 14.25

Kode B - For den som vil vite meir om BIBELEN



12. mars kl 11.00 - 4 år

Gudsteneste i Gol kyrkje med utdeling av 4-årsbok!

Måndag i mars - 5 år

Femåringane er spesielt inviterte til å vere med på Gullrekka på Gol bedehus. Open tacobuffet for heile familien kl 16.30-17.30 (v 60,-/b 40,-) Aldersdelt samling kl 17.30 og inndeling i aktivitetar kl 18-19.

12. mars kl 11.00

Femåringane deltek på gudsteneste saman med Gullrekka.

Ein ettermiddag sist i april/først i mai

1. klasse

Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøsset.



Laur. 10. - Sund. 11. juni - 3. klasse

Tårnagenthelg i Herad kyrkje. Oppdrag i kyrkja laurdag ettermiddag og søndag formiddag med gudsteneste kl 11.

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysong** på Frelsesarmeen, **Gullrekka** for 0 – 13 år på Bedehuset og **Amadeus**, ope hus for ungdom frå 8.trinn og oppover.



Hemsedal

Sundag 18. juni kl 11.00 - 4 år

Gudsteneste i Hemsedal kyrkje med utdeling av 4-årsbok!

Ein ettermiddag sist i april/først i mai

1. klasse. Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøsset.

I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Kyrkjestugo annakvar onsdag kl 10.30 (Vi syng kl 11), **Sundagsskolen** for alle frå 4 år på Kyrkjestugo, **S-klubben** frå 5 år på Kyrkjestugo annakvar onsdag og **KULH** på bedehuset ein laurdag i månaden frå 8. klasse.

Velkommen!

GUDSTJENESTELISTA

20. NOVEMBER

Domssøndag/Kristi Kongedag

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Kyrkjebladet

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Marita Stiftelsen

27. NOVEMBER

1. søndag i adventstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Lys vaken gudsteneste.
Takkoffer: Trusopplæring

04. DESEMBER

2. søndag i adventstida

HERAD KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: IKO

HEMSEDAL KYRKJESTUGO kl
16/17 Møtepunkt.

09. DESEMBER

LYKKJA KAPELL KL.18
ADVENTSKONSERT
med Hanna Smørvik

11. DESEMBER

3. søndag i adventstida

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Trusopplæring

GOL KYRKJE KL 18.00
ADVENTSKONSERT.
Takkoffer: Musikkarbeidet
i kyrkjelyden.

18. DESEMBER

4. søndag i adventstida

GOL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: KFUK KFUM globalt

HEMSEDAL KYRKJE KL 17.30
ADVENTSKONSERT.
Takkoffer: Musikkarbeidet i kyrkjelyden.

24. DESEMBER

Juleaften

HELSETUNET KL.11.00
Juleandakt.

HERAD KYRKJE KL.13.30
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

GOL KYRKJE KL.15.00
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

HEMSEDAL BYGDAHEIM KL.12.00
Juleandakt

HEMSEDAL KYRKJE KL.13.30
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

HEMSEDAL KYRKJE KL.14.45
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

HEMSEDAL KYRKJE KL.16.00
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

LYKKJA KAPELL KL.14.30
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Lykkja kapell.

LYKKJA KAPELL KL.16.00
Juleeftangudsteneste.
Takkoffer: Lykkja kapell.

25. DESEMBER

Juledag

GOL KYRKJE KL.12.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer: Kirkens bymisjon.

26. DESEMBER

Stefanusdag/2.juledag

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Høgtidsgudsteneste.
Takkoffer: NMS

31. DESEMBER

Nyttårsaften

GOL KYRKJE KL.16.00
Aftansang.
Takkoffer: Stefanusalliansen

08. JANUAR

Kristi openbaringsdag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Changemaker

HEMSEDAL KYRKJE kl.11.00
Gudsteneste
Offer: Sygna vgs misjonsprosjekt

15. JANUAR

2. søndag i openbaringstida

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Kyrkjebladet

29. JANUAR

4. søndag i openbaringstida

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeide

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
Offer: Bibelselskapet

05. FEBRUAR

Såmannssøndag

HEMSEDAL KYRKJESTUGO kl
16/17 Møtepunkt.

07. FEBRUAR

HEMSEDAL KYRKJE kl.19.30
Christian Stejskal, multimedia
forestillingen «Mitt nabolag»;
fortellinger, fiolin og fotografi

12. FEBRUAR

Kristi forklarelsesdag

HERAD KYRKJE Kl. 11.00
Gudsteneste
Takkoffer: Misjon utan grenser

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: B/U arbeid Normisjon

19. FEBRUAR

Fastelavnssøndag

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Bibelselskapet

SpareBank 
HALLINGDAL VALDRES

Flå - Nesbyen - Gol - Hemsedal - Ål - Geilo

Du finner oss i hele Hallingdal • sb1.no • tlf. 915 03 202

ANDAKT

Ikke vær redd!

Det er mange truende skyer i horisonten når vi feirer jul dette året. Det er mer utrygt i vår del av verden enn på lenge, og midt oppe i skildringene av krigens redsler, uro for økonomien og ekstremværets herjinger skal vi igjen høre verdens vakreste fortelling.

Juleevangeliet skjønnmaler ikke virkeligheten. Uroen, fattigdommen og redselen får også plass i skildringen av julens under, og fortellingen spenner vidt. Her møtes himmel og jord, og tiden og evigheten krysser hverandre. Her står det lille mennesket ansikt til ansikt med den ubegripelige, evige Gud. Her møtes frykten og gleden.

Midt i vår urolige verden valgte Gud å komme til jorden som menneske, for å vise sin kjærlighet og for å veve sitt liv sammen med vårt. Barnet i krybben var sårbart og avhengig av andre, akkurat som vi er det. Marias lille gutt skapte ikke frykt, men vakte håp og glede midt i det dypeste mørke.

Ord som «Frykt ikke!», «Vær ikke redd!», «Vær ikke bekymret!» forekommer 365 ganger i Bibelen.

Det var de ordene Maria fikk høre da engelen fortalte at hun skulle bli mor til Guds sønn. De samme ordene fikk gjeterne på Betlehemsmarkene høre der de lå og holdt nattevakt over flokken sin. De ble overveldet av redsel da det plutselig stod en engel foran dem, men han sa: «Frykt ikke! Se, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket: I dag er det født dere en frelser i Davids by; han er Messias, Herren.»

Det er denne meldingen som gjør barnefødselen i Betlehem til noe helt spesielt. Det er dette budskapet som gjør juleevangeliet til noe mer enn en vakker og rørende beretning om en fattigslig fødsel. Det er innholdet i denne hilsenen som splitter verdenshistorien og vår tidsregning i et «før» og et «etter».

De fleste av oss liker dårlig å bli fortalt hva vi skal gjøre, kan ikke fordra å bli kommandert. Vi tror at kommandoer begrenser oss. Det er ikke slik med befalinger som kommer fra Gud. De frigjør oss. De setter oss fri til å stige inn i en ny verden. Da ser vi at han holder både fortiden, nåtiden og framtiden i sine hender. Han viser oss at vi aldri er alene.

Engelens hilsen åpner våre øyne for Guds løfte og inviterer oss til å starte en reise fra frykt til tro. Og når vi lar oss bevege fra tvilen og frykten til tilliten og troen, kommer Kristus til oss slik han kom gjennom stengte dører til redde disipler den første påskedagen.

Han fjerner ikke uten videre all uro og alle årsaker til frykten, men han sier: «Se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.»

– JAN OTTO MYRSETH, BISKOP

